



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Mobil 416 28 531

e-post lars.mjos@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2015

Vedteke på årsmøtet 20.04.2016

ÅRSMØTET I 2015

Årsmøtet vart halde 21.4.2015 hjå Jakta Metall AS med omvising i deira nye lokale på Hauge. Johnny Sandvik frå Phonerø orienterte om ny 2-årig avtale om teletenester. BKK Marked AS ved Janne Remøy Røed og Lill Merethe Haug orienterte om kva dei kan tilby og kva planar dei har på Osterøy i samband med at BKK i 2014 kjøpte Nettstarfiberen på Osterøy (som Nettstar i si tid fekk kjøpe av Osterøy kommune).

MEDLEMSMØTE

Den 12.5.2015 hadde me medlemsmøte med godt frammøte hjå Opro AS der me fekk orientering om verksemda ved Torill Magnussen. Dei fleste av partia til kommunevalet stilte med sine listetoppar og me fekk ein interessant og engasjet diskusjon. Bygdnytt hadde eige oppslag frå møtet.

PERSONALNETTVERKET

Personalnettverket hadde møte 29.10.2015 der rektor Magne Espelid heldt eit innlegg om sitt prisbelønna arbeidsmiljøarbeid ved Osterøy vgs.

STYREMØTE

Styret har hatt 2 møte; 15.9. og 18.12.2015. På det siste styremøtet var formannskapet og planutvalet invitert og mange møtte. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestformann.

SAKER

I samband med **kommune- og fylkestingsvalet** har laget lagt opp bedriftsbesøk/omvisingar med Ap sine 2 toppkandidatar til fylkestinget og Ap sin

ordførarkandidat og MDG sin toppkandidat til fylkestinget. Formannen og sekretæren deltok.

Fredag 28.8.2015 skipa Folkeakademiet Osterøy til **Osterøykonferanse** der professor Frank Aarebrot innleidde og der **listetoppane** til valet stilte i panelet. Formannen var første frå salen som fekk stille spørsmål og oppmoda politikarane til å doble tilskotet til Industrikonserntenten og til å arbeide aktivt for å realisere ny veg gjennom Vesetgjelet.

Den 31.8.2015 sende me inn merknad til framlegget til detaljregulering av **ny veg gjennom Vesetgjelet**. Me hadde ein debatt på førehand med utgangspunkt i at eit 200 millionar-prosjekt kan bli krevjande å finansiere. Men m.a. med bakgrunn i at dette alternativet er valt politisk, vil me støtte dette. BRB har med bakgrunn i dialog med m.a. Industrielaget også kome med uttale til framlegget til detaljregulering av ny veg gjennom Vesetgjelet.

Vegomlegginga av fv 567 i Hosanger vart meir omfattande enn planlagt, særleg grunna den store skjeringa på vestsida av Mjøsvågen. Vegvesenet har opplyst at overskridingane vert kring 10 mil kr. Våren 2016 er det meste av arbeidet fullført og ein flaskehals for tungtrafikken fjerna.

Den 27.4.2015 sende me uttale til **høyringsframlegg til strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015 – 2020** med tilhøyrande tiltaksdel.

Den 13.5.2015 sende me høyringsuttale til: **Osterøy 2030. Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel.**

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for Region Nordhordland: Formannen har delteke i arbeidet. Strategidokument og faktagrunnlag var på høyring tidleg i 2016. Sekretæren utarbeidde eit lite

notat. Me sende ikkje nokon uttale m.a. då kommunen hadde ei grundig og omfattande uttale.

Me utarbeidde eit fyldig høyringsinnspel til kommunen sin **trafikksikringsplan**. Me meiner at ein må samkøye prioriteringane i trafikksikringsplanen med andre samferdsleprioriteringar og at ein må ver litt taktiske i høve til (mogelege) rekkjefølgjekrav i samband med reguleringssaker. Ordføraren har seinare orientert om at kommunen vil utarbeide ein kommunal transportplan.

Våren 2016 vart det opna for nye innspel til **strandsonenplanen**. Me har foreslått at **utviding av fv 567 i Hosanger rett nord for Tohellaren/Erstadsvingen** kan utførast ved hjelp av fylling i sjøen.

Me er utolmodige m.o.t. **Espevoll Næringsområde**, m.a. å få på plass vatn og avlaup, legge om fylkesvegen frå Rollandkrysset til Espevoll næringsområde og å få på plass utbyggingsavtale mellom kommunen og utbyggjar. Våren 2016 er det heldigvis fleire positive signal.

Opus Bergen AS har på vegne av Mjøse Metallvarefabrikk AS meldt oppstart av privat planarbeid - **Detaljregulering Hosanger Næringsområde** gbnr 89/25 m.fl. Industrilaget såg ikkje trong for å levere merknader.

Oddalsmyra næringsområde. Utbyggjarane har opparbeidd nytt avkjøyringsfelt. Samtalar pågår om utbyggingsavtale med kommunen om m.a. vatn og avlaup og om gang- og sykkelsti til området via den kommunale Hannisdalsvegen. Her er det også våren 2016 litt positive signal.

Detaljreguleringa for **Holmane næringsområde** er i gang, og føremålet med planen er å sikre dei fire bedriftene Lonevåg Beslagfabrikk AS (LOBAS), AS Oster Transport og Entreprenør, Osterfjord Maskinstasjon AS og Sjøtroll Havbruk AS areal til å kunna utvida og satsa vidare i bygda. Fotlandsvåg Båtlag har hatt ein leigeavtale for småbåthamn. Dette området er planlagt utfylt. Plassering av småbåthamn inngår i kommunen sitt arbeid med strandsonenplan og er kompliserande for reguleringssaka. Eventuelt rekkjefølgjekrav frå vegvesenet om vegutbetringar vidare innover mot Fotlandsvåg kan og vere kompliserande.

Gloppemyra på Hauge er mellombels godkjent for massedeponi og reguleringsarbeid er starta opp. Intensjonen er å leggje til rette for massedeponi i ein periode på maksimum 10 år, og framtidig etterbruk regulert til nærings-/industriareal. Oktober 2015

konkluderte kommunen med at det må etablerast gang- og sykkelsti mellom området og den kommunale Hannisdalsvegen. Dette er innarbeidd i planframlegget som truleg kan fremjast våren 2016.

Etter mykje påverknadsarbeid vart dei verste strekningane mellom **Bysheim og Heldal på fv 567 asfalterte** forsommaren 2015.

Me sende brev i oktober 2015 til Harald Midtun i **vegvesenet om vidare asfaltering**. Han ringde formannen 1.12.2015. Toppdekke for Hannisdalslinja er kalkulert til 4 mill kr og har 1. prioritet i 2016. Her vert det truleg asfaltert til våren. Hosanger-Tysse var også tiltenkt prioritert i 2016, men i 2016 er asfaltløyvingane på «normalnivå» att etter satsinga i 2015. Me har arbeid for at vegutvidingane som følgje av vassverktutbygginga Fotlandsvåg-Tysse skal verte reelle utvidingar med asfalt og har fått signal om ei løysing basert på overskottsbompengar.

Formannen deltok på **transport og logistikkdagen** i Bergen 3.9.2015.

Den 9.9.2015 deltok formannen og sekretæren på **næringskonferansen på Mongstad**.

Styremedlem Kjell Lerøy vart invitert til innspelmøte i Bergen med **næringsminister Monica Meland**. Han tok opp kompetanseheving, Kompetansesenteret for CNC og robot, auka lærlingetilskott og Innovasjon Norge sitt leiaropplæringsprogram.

Formannen deltok på møte i **NLF** i Bergen saman med Jørund Vevele om bompenger og rushtidsavgift i Bergen i juni 2015.

Styremedlem Jørund Vevele og formannen har hatt **samferdsleminister Ketil Solvik-Olsen** på køyretur med lastebil frå Flesland. Seinare har formannen fått ein samtale med samferdsleministaren i samband med eit møte i Oslo.

Samstundes som me hadde styremøte 8.12.2015 offentliggjorde samferdsleministaren at det skal byggjast **ny E16 og ny dobbeltspora jernbane frå Arna til Voss med Stanghelle som første etappe**. Me er mange som har arbeid for dette. Vidar Skeie i Vaksdal Næringssselskap AS har stått på for saka sidan han tok til i jobben våren 2015 og rasa gjekk i Vaksdal. Han samarbeider tett med Industrilaget. Formannen var invitert til pressekonferansen, men valde å stille på styremøtet.

Pallegrossisten AS med Rolf Hagebø i spissen og i tett samarbeid med sekretæren lukkast å få **næringsminister Monoca Mæland** til 19.2.2016 å stå for **nyopning** av Pallegrossisten sitt anlegg på Dale etter investeringar på ca 34 mill kr i

automatisering/robotisering. Rolf Hagebø lukkast også i å få Jonas Fjeld til å underhalde og i å få redaktør Harald Stanghelle til å leie ein paneldebatt (der m.a. styremedlem Kjell Lerøy deltok). Før debatten hadde sekretæren eit innlegg om Industri 4.0 og CNC og robot. Deltakarane på det årlege næringslivsseminaret ved Vintertreffet på Vaksdal, var inviterte til siste del av programmet og møtet med næringsministaren. Nestformannen (i formannen sitt feriefrauer) og sekretæren kørde næringsministaren med følge frå Flesland til Dale og fekk orientert om og drøfta ei rekkje saker som Industrilaget er engasjert i. Ho syntte stor interesse og engasjement og takka ja til eit besøk på Osterøy med omvising i medlemsbedrifter og ved Kompetansesenteret for CNC og robot. Rolf Hagebø hadde invitert heile styret til opningsfesten.

Laget har lenge arbeidd for betre tilgang til **fibersamband** på Osterøy. Den 1.2.2014 overtok BKK Bredbånd AS fibernettet som vart bygd av Osterøy kommune og seinare selt til Nettstar AS. Stadig fleire av medlemmene får no internett via denne fiberen og BKK er no komne langt i utbygging for privat fiber i fleire bygder og no i vinter/vår 2016 Hosanger.

Etter mange år med mange metodar for påverknad er det no endeleg blitt **Teleonor mobildekning i Tirsåstunnelen**.

Marianne Trøen frå MT Kompetanse tok i haust kontakt med tilbod om å halde Office-kurs for medlemsbedrifter. Me har presentert tilbodet for medlemmene og eit **Exel-kurs** kom i gang med 10 deltakarar frå 5 medlemsbedrifter. System Trafikk AS stilte lokale til rådvelde. Eit tilsvarende opplegg vart seinare gjennomført ved Gunnebo Anja Industrier AS.

Prosjektet «**Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland**» i regi av Osterfjord Næringsamarbeid med Industrikonsulent på Osterøy som prosjektleiar held fram. Diverre har Høgskolen i Bergen førebels lagt planane om ein bachelor på området på is grunna nedgangen i leverandørindustrien som er retta mot petroleumsnæringa, men har skaffa seg betre utstyr og vil tilby eit felles valfag innan CNC og robot for maskin og elektro. Det vil også verte eit tilbod innan fleire masterprogram. Vinteren 2016 søkte Bergen tekniske fagskole NOKUT om godkjenning av ei fagteknikarutdanning innan CNC og robot. Her har fleire av laget sine medlemmer stilt opp med samarbeidsavtalar og HiB stiller med sensorar. Ved Kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande har prosjektleiaren diverre sagt opp stillinga si pr 1.2.2016. Prosjektet vil i 2016 fokusere på m.a. marknadsføring av

fagskolen sitt nye tilbod som er av stor interesse for mange av våre medlemsbedrifter.

Bergens Tidende hadde i slutten av august 2015 2 fylldige reportasjar med førstesideoppslag om 2 Osterøy-bedrifter: Pengemaskina Lonevåg Beslagfabrikk AS og 150-årsjubilanten Mjøs Metallvarefabrikk AS.

Formannen og sekretæren var inviterte til **Mjøs Metallvarefabrikk AS sitt 150-årsjubileum** 29.8.2015. Formannen holdt tale med underhaldningsinnslag og som gåve fekk bedrifta boka «Ein våg me ikkje har visst um».

Formannen var invitert til å halde innlegg på eit stort møte i regi av **Business Region Bergen** m.fl. I 5.april 2016 om **rekkefølgekrav og utbyggings-avtalar** i samband med reguleringsplanar. Konferansen kom i stand etter initiativ frå Osterøy Industrilag.

Fleire av våre medlemmer stilte med stand på den årlege **Utdanningsmessa i Osterøyhallen**.

Våren 2016 var det ved førsteinntaket til vidaregåande skular få søkjarar til vg2 **industriteknikk** på Osterøy og opplæringsavdelinga vurderer å leggje ned tilbodet. Me har sendt eit innspel med grunngjeving for kvifor tilbodet må oppretthaldast.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "Næringsalliansen", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsutvalet for Næringsalliansen. Samferdsle og kompetanse har hovudfokus. **Næringsalliansen** hadde strategisamling 30.10.2015 på Sotra der formannen og sekretæren deltok. Me har utarbeidd framlegg til kompetansetiltak både innan CNC og robot og for praksisnær opplæring.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

Bergen Næringsråd tok initiativ til aksjonen «still opp for Syria!» Styret vedtok at me skulle delta og løyvde kr 10.000 til Flyktningshjelpen.

På **heimesida** www.osteroyindustrilag.no, legg me ut nyhende og anna aktuell informasjon.

E-post er viktig kanal for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 10 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Industrilaget har 34 **medlemsverksemdar** med ca 950 **tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Formann Lars Magne Bysheim, på val
Nestformann Eimund Øvsthus, på val
Jørund Vevle, på val
Kjell Lerøy, ikkj på val
Ivar Solberg, ikkj på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val
Rolf Hagebø, på val
Eileen Aasheim, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulentent:

Sigbjørn Reigstad med Vivian Jacobsen som personleg vara, på val
Arne Hansen med Stig Eknes som personleg varamedlem, ikkje på val
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre, frå hausten 2015 Jarle Skeidsvoll

Revisor. Norodd Helle, på val.

Valnemnd, begge på val: Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen.

Leif Tore Solberg er på vegne av Industrilaget leiar i rådet for Kompetansesenteret for CNC og robot der også Industrikonsulentent er medlem.

Sigbjørn Reigstad koordinerer Industrilaget sitt personalnettverk.

verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidsbudsjett.

Industrikonsulentent deltek i Osterfjord Næringsssamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 105.000 kr for dette i 2015 (124.000 i 2014 og 189.000 kr i 2013). I 2014 fekk Osterfjordregionen til rådvelde via fylkeskommunen 456.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord (954.000 kr i 2013). I 2015 var det slutt på denne løyvinga som har vore svært viktig for toppfinansiering av ei rekkje fellesprosjekt i regionen. Industrikonsulentent har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsssamarbeid 2005-2015. Industri-konsulentent fekk i 2015 ei godtgjersle frå Osterfjord Næringsssamarbeid på kr 18.000 for næringsutviklingsarbeid (18.000 i 2014 og 35.000 i 2013) og kr 51.000 for sekretariatsfunksjonen (70.000 i 2014 og 2013).

INDUSTRIKONSULENT-VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulentent på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulentent er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne